

Framlegg til vigselsliturgi for likekjønna og ulikekjønna par.

Høyringssvar frå prost Kjetil Netland
Prost i Indre Sogn prosti, Bjørgvin bispedøme.

I framlegget til vigselsliturgi for likekjønna og ulikekjønna par, står det i innleiinga til Skriftlesing: «*L Gud har skapt oss til å leva i samfunn med han og med kvarandre. Når to menneske vel å leva saman i ekteskap, stadfestar Gud denne sameininga med si velsigning.*»

Dette er eit anna innhald enn det som står i den noverande liturgien:
«*Han har ordna det såleis at mann og kvinne skal vera eitt, og han har stadfest denne sameininga med si velsigning.*» Her er det brukt perfektum, og det viser altså til noko som har skjedd tidlegare. Det viser til den velsigninga Gud gav mann og kvinne i skapinga, jf 1 Mos 1 og Matt 19, som det vidare vert vist til i liturgien.

I framlegget til ny vigselsliturgi er det derimot brukt presens «*stadfestar*», og det visar til noko som skjer her og no, nemleg det at «*to menneske vel å leva saman i ekteskap*».

Eg vil innvende at Den norske kyrkja ikkje har mandat til å seie - i ein liturgi – at Gud stadfestar våre val med si velsigning, utan at det er bibelsk belegg for at han gjer det.

Difor vil eg be om at denne setninga vert moderert, til dømes slik:

«*Når to menneske vel å leva saman i ekteskap, bed vi om at Gud vil velsigne dei.* Ekteskapet er Guds gode gave. Å leva saman som ektemakar er å leva i tillit og kjærleik, dela gleder og sorger og trufast stå attmed kvarandre livet ut.»

Balestrand, 2. september 2016

Kjetil Netland